



30 var møtt fram under den siste miljøkvelden i Hobbyklubben (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hobbyklubben i Uskedalen bedehus er inne i den andre sesongen og oppslutnaden har auka utover hausten.**

Under miljøkvelden måndag var det møtt fram 30. Andakt, geografi-konkurrans og bingo sto på programmet saman med servering av brus og pølser.

Dette er eit tilbod for barn og ungdommar frå femte klasse og oppover og det er klubbkvelder annankvar måndag.

- Føremålet er å gje born og unge ein møteplass i eit sunt og godt miljø, seier initiativtakar og primus motor Tore Mathiesen.

Det er, som i den første sesongen, grupper for modellfly (leiar Erlend Moen), bil/båt med fjernstyring (leiar Rune Hjørnevåg), elektronikk, avis (leiarar Britt Torill Mathiesen og Ola Matti Mathisen) og spel/ein stad å vera (leiarar Jon Harald Kjærland, Anne Christine Christiansen og Tore Mathiesen).



Her gjeld det å plassere rett hovudstad i Europa i rett land! (frå venstre Steffen Nilsen, Katrine Y. Røssland og Martin Hauge. (Foto: Ola Matti Mathisen).